

Møtereftrat

Møte: Møte AU Midt-Norge
Tid/Sted: Onsdag 16.03.16 kl 18 - kl 20.30 og torsdag 17.03 kl 08.15 – kl 09.30 på Quality Panorama Hotel
Tilstede: Ragnar Omli, Siri Fossum, Tore Johan Sandvik, Frode Haugland, Ragnar Valstad, Arnt Ove Løvås, Oddveig Gikling- Bjørnå og Roy Albertsen
Forfall: Kristin Waagen
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 17. mars 2016

| Sak nr. | Emne | Ansvar |
|---------|--|--------|
| 1 | Oppsummering frå kretsmøta og saker for vidare oppfølging Brit Kari orienterte. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. | |
| 2 | Revitalisering av kretsmøter Brit Kari orienterte. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Haustmøte: Oppfordre til aktivitet, samt synleggjere AU-medlemene meir.• Levanger og Verdal ynskjer fellesmøte, gjerne med Frosta.• FK har hatt loddtrekning på traktor. Kva om vi sørgar for ei så stor innsparing at vi kan lodde ut ein traktor el.l.? Trur stormøta vert for langt unna.• Viktig å gjere endring sidan oppmøte vert redusert. Skepsis til stormøter pga avstand.• Må forvente meir av kretsleiarane, utifrå honoraret.• Få TINE og FK også med på elektronisk val, det må gjere investeringa rimelegare. Få samordne endringa.• Bruke Samarbeidsrådet i Midt-Norge til å jobbe for samarbeid, gjerne på haustaktivitet. Oppfordre til at vi i Midt-Norge får til samarbeid med TINE og FK om haustaktivitet. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. | |
| 3 | Kritikk av styreleiar frå krets 43 Holtålen/Midtre-Gauldal Siri orienterte. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Er sak for årsmøteutsendingane.• Vurdere å ta opp i RU-møtet.• Må ha ein plan, samordna med andre delar av landet, dersom det skal kome endringsforslag.• For seint no, lyt jobbe opp mot valkomitéen for neste år. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. | |
| 4 | Førebuing av RU-møtet Brit Kari orienterte. | |

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

-
- 5 **Oppsummering frå fylkesårsmøter i Bondelag og Småbrukarlag**
Ragnar V orienterte frå Nord-Trøndelag Bondelag, og Oddveig orienterte frå Møre og Romsdal Bondelag.

Spørsmål/kommentarar:

- Diskusjon om auka kvalitetstilskot er beste måten å stimulere til auka storfekjøttproduksjon.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

-
- 6 **Førebuing av saker til årsmøtet**
Møte før årsmøtet kl 10 – kl 12 tysdag 12.04. Årsmøtestart med lunsj kl 12.

Spørsmål/kommentarar:

- Vurdere ha tlf møte i forkant av årsmøtet, sidan det er såpass mange nye årsmøteutsendingar.
- Møte rett i etterkant av RU-møtet.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

-
- 7 **Eventuelt**
- MRSA: Tore Johan tok opp at produsenten som vart ramma ikkje følte seg ivaretatt av Nortura. Konkurrent har meir praktisk erfaring med oppfølginga. Tore Johan har oppfordra til møte for erfaringsutveksling, men konkurrent trekte seg frå møtet. Fagsjef gris Odd Magne Karlsen fylgjer opp. Vore oppklaringsmøte med produsent.
 - Immunkastrering/Improvac: Ein produsent som driv med smågrisproduksjon har tatt kontakt med Tore Johan. Sel til 2 slaktegrisbuskappar, desse signaliserer at dei vurderer å ikkje kjøpe smågrisen pga fått bøter for rånelukt. Tore Johan har tatt det opp med fagavdelinga. Vil vere ei utfordring for næringa framover.
 - Tilførselar og prognosar storfe: Frode etterspurte. Roy svarte at det er stor interesse for oppstart og utviding med ammeku. Bra tilførselar på nyåret. Underskot av føringsskalv.
 - Nødslaktavtale med Midt-Norge slakteri: Frode spurte om status. Roy orienterte. Nortura har sagt den opp, har 3 års oppseiingstid.
 - Vaskehall Steinkjer: Vaskemiddel og desinfeksjon er testa ved vintertemperatur, ventar på analyseresultat. Risikovurdering av HMS.
 - Status kylling: Styrevedtak om at alle kyllingprodusentar sør for Steinkjer vert med vidare. Viktig at Nortura er tett på produsentane som må slutte, for å hjelpe dei å finne løysingar for sin gard. Fortsatt forhandlingar for langsiktig løysing med Rema.